

Til den det måtte angå

Dato: 27.03.2018  
Vår ref.: 2014/559-32  
Saksbehandlar: ingtakl  
Dykkar ref.:

## Attest for Silje Nordal

Silje Nordal, født 05.06.2000, har vore ein del av Ungdommens fylkesutval frå 14. februar 2016 til 12. februar 2018. Ho vart vald inn som fast medlem for to år og har jobba med kultur, idrett og regional utvikling.

Ungdommens fylkesting er satt saman av to representantar frå kommunale ungdomsråd, samt to representantar frå kommunar utan ungdomsråd. Dei har møte ein gong i året kor dei viktigaste oppgåva er å velje nytt Ungdommens fylkesutval, vedta budsjett og vedta Ungdommens planprogram, som er det dokumentet Ungdommens fylkesutval skal jobbe etter i året som kjem. Ungdommens fylkesutval er dermed Ungdommens fylkesting arbeidande organ og dei har møter minst ein gong i månaden. Dei skriv uttalar, svarar på førespurnader og deltek i ulike utval, komitear, grupper, der dei representerer Ungdommens fylkesting.

Silje har vore ei stor ressurs inn i Ungdommens fylkesutval og Ungdommens fylkesting i den perioden ho har vore med her, og vi ønskjer ho lukke til vidare.

Ingeborg Strandberg  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*